



Tingvoll, 12.7.2025

Mellom AS
kundeservice@mellom.no

FRAMANDARTAR SPREIDD MED VERKSEMD I LINENETTET

Vi viser til vårt brev av 10.7.2023 om denne saka. Vi fekk vel ikkje svar på det brevet, og vi har i alle fall ikkje sett noko resultat, 2 år etter.

I år har Tingvoll kommune eit prosjekt for å fjerne kjempespringfrøførekomstar, slik at denne kan ryddast ut, og at ein i alle fall kan unngå spreiding til nye stader.

Mellom har verksemd mange stader der det kan vere kjempespringfrø og andre framande artar med høg risiko for spreiding og problem. Den verksemda de har i samband med linenettet vil kunne spreie framande artar, og då vil de ha ansvar knytt til dette. Naturvernforbundet oppfordrar dykk til å sjå på internkontrollsystemet dykkar kva det står om dette temaet der.

Samtidig er det tid for å lære i praksis korleis ein kan fjerne denne typen problem. Det ville jo vere bra om ein på Nordmøre kan sjå eit døme på ei verksemd som gjerne vil vere grøn tar tak i dette og viser veg.



Artskart 8.6.2025. Brune punkt er registreringar av kjempespringfrø.

Sjølvs om Naturvernforbundet meiner at prinsippet om ureinar skal betale gjeld i saker som denne, klarte vi ikkje å la vere å gjere noko når ingenting skjedde. Å risikere at dette utviklar seg til «hav» av kjempespringfrø, det går ikkje an.

Mange av besøka er dokumentert i form av at det er lagt inn registreringar på Artskart gjennom www.artsobservasjoner.no

I 2022 observerte vi planta første gongen i dette området, etter truleg å ha oversett planta i fleire år.

Norsk navn	Funndato	Antall
kjempespringfrø	01.09.2022	1 stk
kjempespringfrø	01.09.2022	25 m2
kjempespringfrø	08.07.2023	
kjempespringfrø	16.07.2023	
kjempespringfrø	22.07.2023	
kjempespringfrø	14.08.2023	
kjempespringfrø	14.08.2023	1 stk
kjempespringfrø	05.09.2023	
kjempespringfrø	14.09.2023	1 stk
kjempespringfrø	06.10.2023	
kjempespringfrø	12.07.2024	45 stk
kjempespringfrø	28.07.2024	51 stk
kjempespringfrø	06.08.2024	1 stk
kjempespringfrø	06.08.2024	3 stk
kjempespringfrø	17.08.2024	4 stk
kjempespringfrø	17.08.2024	1 stk
kjempespringfrø	17.08.2024	8 stk
kjempespringfrø	24.09.2024	17 stk

I 2023 slo vi heile arealet eit par gongar i løpet av sommaren, sidan planta er eittårig og dermed kan hindrast å spreie frø til ny blomstring. I 2023 var det truleg tusentals planter. Sommaren var våt, så ein del av det som var slått klarte likevel å utvikle frø.

I 2024 var bestanden sett tilbake ganske mykje. Strategien i 2024 har vore å plukke med oss alle blomane og brenne dei, og rykke opp resten av plantene så dei ikkje fekk til å lage til nye blomar. Lokaliteten blei oppsøkt i alle fall 8 gongar, sidan blomstringstida har vore forskjellig.

Vi ser for oss at systematisk plukking av det som eventuelt kjem opp i 2025 bør gjere ende på det meste av førekomsten med kjempespringfrø. Infiseringa vil ha ein ende i 2025 eller 2026. Spørsmålet no er om Mellom som har ansvar og ressursar har tenkt å vise at de er ei grøn verksemd, eller om de faktisk har samvit til å rekne med at friviljuge organisasjonar rydder opp etter dykk.

Elles skal det seiast at de 7.7.2019 blei varsla om at det kom opp hagelupin ved stolpen på Aksnesetlina. De var der ein gong i 2021, men etter det ser det ut som hagelupinen har fått fred. Ved nyleg besøk, 18.5.2025 var det no nærare 10 tuer på staden. Hagelupin som får frøe seg etablerer frøbank og kan spire i 50 år. Det vil sikkert vere ein fordel om hagelupinen blir luka og kanskje spadd opp i staden, for å redusere risikoen, så kan det vere at di ikkje må slite med dette dei neste 50 åra.

Det er lite truleg at det berre er denne staden de har denne typen problem. Kanskje Mellom skal skaffe seg kompetanse på dette, slik at problemet kan følgjast opp systematisk før det blir eit kjempeproblem?



Kjempespringfrø, bilete av skråninga ved parkeringslomma 1.9.2022, foto Øystein Folden.

Vi ber om at de held oss orientert om denne saka.

Med helsing

Øystein Folden
leiar

Kopi: Tingvoll kommune